

Høyringsinstans

Norheimsund, 18.05.2022

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Tolo Utsikt

Vår ref: 2722

**VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN
GNR. 32, BNR. 1, 7, 8 og 9 MFL. SMIEDALEN OG BREKKENA PÅ TOLO
PLANID 4622 20210001**

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det kunngjort oppstart av detaljregulering for bustadfelt på Tolo i Norheimsund, Kvam herad. Geoplan AS skal på oppdrag for tiltakshavar, Tolo Prosjekt AS, utarbeide detaljreguleringsplan for området.

Planområdet er på 45,5 daa og ligg på gnr. 32 bnr. 1, 7, 8 og 9 med fleire på Tolo i Norheimsund i Kvam herad. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for inntil 40 nye bustadeiningar. Det skal varierast mellom einbustadtomter, fleirmannsbustadar og vurderast plassering av terrassebygg. Hovedtilkomst til feltet er frå Norheimsvegen ved Kjerrane. Inntil 3 nye bustader vil få tilkomst via Tolovegen. Området knytast til Hatlevegen med gangtilkomst. Bekk og grøntområde i arealdelen til kommuneplanen regulerast som grøntstruktur.

Reguleringsplanen vil erstatta gjeldande reguleringsplan for Tolo – Norheim 4622 19820007. Området er i tråd med arealføremålet i gjeldande kommuneplan for Kvam herad – arealdelen 2019 - 2030. Heradet vurderer difor planen til å ikkje utløyse krav om planprogram jf. PBL §4-1 og konsekvensutgreiing jf. PBL §4-2.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kartskisse (side 2 av dette dokumentet) og i tråd med referat frå oppstartsmøte. Viser til ArkivsakID 21/13326 i Kvam herad.

https://www.kvam.no/innsyn.aspx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=1100003366&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=276&

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 12.06.2022

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet, skal sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Med helsing
GEOPLAN AS
v/ Solveig Valland



